

Spørsmål til fylkesutvalet, 08.mars 2022

Frist for å sende inn spørsmål: Fredag 04.mars, kl 0900

Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Anne Gine Hestetun (Ap)	Om skilting til Arven sølvvareverkstad, Bergen
2.	Noralv Distad (H)	Om Energikommisjonen
3.	Marthe Hammer (SV)	Om pådrivarselskap og grad av offentlegheit i pådrivarorgana
4.	Kine Bratli Dale (Ap)	Om tannhelsetenester

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. Anne Gine Hestetun (Ap); om skilting til Arven sølvvareverkstad, Bergen

Viser til oppslag i BA 21. februar 2022 ang Arven/spørsmål om skilting.

Kva rolle har Vestland fylkeskommune, Bergen kommune og Statens Vegvesen i denne saka/prosessen?

Kven har vedtakskompetanse?

Kva er bakgrunnen for at VLFK ikkje har tilrådd å setja opp eit slikt skilt langs fylkesvegen?

Korleis kan Vestland fylke bidra til at saka kan finna ei høveleg løysing?

Svar frå fylkesdirektøren

1. Vestland fylkeskommune har fått delegert ansvaret for å ta imot og greie ut søknadar om verksemdvisning og sender deretter tilråding om vedtak til Statens vegvesen. Bergen kommune har handsama søknad om verksemdvisning på kommunal veg og fatta vedtak om ikkje å gje løyve til slik skilting. Statens vegvesen har vedtaksmynde for skilt på fylkesveg.
2. Statens vegvesen
3. Reglane for offentlege trafikkskilt er gitt av Samferdselsdepartementet i skiltforskrifta, og nærmare reglar for bruk, utforming og plassering er gitt Statens vegvesen sine handbøker HB N300 (skiltnormalane).

I samsvar med retningslinene i skiltnormalane, la vi i saka om Arven vekt på at vegvisning i byar og tettstader primært skal baserast på geografisk skilting til bydelar og område, og vidare på gate- og vegnamnskilting. Dette er viktig for å unngå at skiltmengda vert for stor.

Vidare fann vi at ingen av dei fylgjande konkrete vilkåra gav grunnlag for å gjere unntak frå den generelle retningslinja om restriktiv haldning til verksemdvisning i byar og tettstader (HB N300 del 4A a 19):

1. Stedet kan ikke lett finnes ved hjelp av geografisk vegvisning eller adressevisning.
2. Trafikken av ukjente trafikanter til stedet er så stor at vedkommende myndighet anser vegvisning for å være nødvendig.
3. Stedet har tilstrekkelig god avkjørsel fra offentlig veg og tilstrekkelig plass til parkering, slik at annen trafikk ikke utsettes for fare eller forsinkes i urimelig grad.
4. Stedet eller avkjørselen er dårlig synlig fra vegen.
5. Stedet skal ikke ha ulovlig reklame langs vegen, eller lovlig reklame som gjør vegvisning unødvendig.

Statens vegvesen gjorde vedtak i samråd med vår innstilling i saka om Arven. Sidan saker om verksemdsvisning har stor likskap til enkeltvedtak etter forvaltningslova, vert dei behandla etter same prinsipp, mellom anna med klagerett på vedtak. Vi har ikkje fått melding frå Statens vegvesen om at det er mottatt formell klage på saka. Det er Vegdirektoratet som er klageorgan for skiltvedtak på fylkesveg. Det er no gått eit år sidan vedtaket vart fatta.

For tilbod som ligg til kommunal veg slik Arven gjer, er det også eit krav at skilting langs kommunal veg skal vere på plass før det kan setjast opp skilt på fylkes- og ev. riksveg. Kommunen har sjølv vedtaksmyndigheit for visningsskilt på kommunal veg. Bergen kommune har gitt avslag på søknad om visningsskilt til Arven i juli 2020.

4. Den konkrete saka er no avslutta, jf reglane for sakshandsaming i forvaltningslova. For det tilfellet at det ligg føre vesentlege nye moment i saka, kan det gi grunnlag for ny vurdering av ein ny søknad. For å gjere vedtak i strid med konkrete krav etter skiltnormalane, må Vegdirektoratet først gi fråvik etter søknad. Men mange av dei aktuelle føringane er formulerte med element av vurdering og skjønn, slik at det har vore tradisjon for etablering av praksis gjennom klagesakshandsaming etter vedtak, i staden for fråvik før vedtak for denne typen saker. Det er Vegdirektoratet som er klageorgan for skiltvedtak på fylkesveg.

Etter eit initiativ frå Stortinget (Dokument 8:253 S) har Statens vegvesen sett i gong eit arbeid for å revidere regelverket for skilting til verksemdar, med føring om å gjere det «enklere for aktører langs vegnettet å informere trafikantene om virksomhetene og hvor de er lokalisert». Når nytt regelverk er klart, kan det vere tenleg å gjere ei ny vurdering av saka.

Det pågår også ein prosess for overføring av delar av myndigheit for trafikkskilt på fylkesveg til fylkeskommunane. Fylkeskommunane vil truleg få vedtaksmyndigheit for vegvisningsskilt, som det er snakk om i denne saka. Denne prosessen er venta å ta noko tid.

2. Noralv Distad (H); om Energikommisjonen

Regjeringa har oppnemnt ein energikommisjon som skal kartleggja energibehova og koma med framlegg om auka energiproduksjon, med mål om at Noreg framleis skal ha overskotsproduksjon av kraft og at norsk industri og norske straumkundar framleis skal ha rikeleg tilgang på fornybar kraft. Kommisjonen skal levera ei samla utgreiing innan 15. desember 2022.

Energikommisjonen sine konklusjonar og tilrådingar vil ha svært stor interesse for Vestland. Og ikkje minst er Vestland ein nøkkelregion for å nå nasjonale mål.

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med Regional plan for fornybar energi, med endeleg vedtak i fylkestinget i mars 2023. Endeleg planvedtak blir såleis etter at kommisjonen har avslutta sitt arbeid. Vestland fylkeskommune bør spela inn sine synspunkt og prioriteringar til kommisjonen så tidleg som mogleg. Det bør skje med basis i tidlegare vedtak i fylkestinget om energispørsmål, alt vedtekne fylkeskommunale planar, premissar i pågåande planprosessar og rapporten Grøn region Vestland. Det gjeld mellom anna behov for auka kraftproduksjon, infrastruktur for å ta kraft i bruk til omstilling og ny næringsverksemd og flaumdemping.

Spørsmål til fylkesordførar:

Vil fylkesordførar leggja til rette for ei politisk sak der Vestland fylkeskommune spelar inn sine samla framlegg og prioriteringar til Energikommisjonen, evt. som sak til fylkestinget i juni eller september?

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesadministrasjonen startar arbeidet med laga bakgrunn for eit innspel til energikommisjonen. Sak meldast opp i juni til fylkestinget, som vedtek endeleg innspel.

Saksframlegget skal lene seg på politisk vedtekne planar og andre politiske vedtak i energisaker. I tillegg skal konklusjonar frå Grøn region-rapporten og ferske problemstillingar frå arbeidet med nye regionale planar danna bakgrunn for denne saka.

3. Marthe Hammer (SV); om pådrivarselskap og grad av offentlegheit i pådrivarorgana

Viser til sak 49/22 om pådrivarselskap og grad av offentlegheit for pådrivarorgana

Spørsmål:

- Kontaktutvala for E16 og E39, er ikkje AS, og har i stor grad politisk leiing (ordførarar eller tilsvarande) som medlemmer/representantar for dei einskilde kommunane og fylkeskommunen, desse er valde av kommunestyret/fylkestinget. På kva måte handterer og legg Vestland fylkeskommune til rette for at offentlegheita, det vere seg presse eller organisasjonar, kan delta som tilhøyrarar og få tilgang til møteinnkalling, sakspapir og referat i desse organa?
- Kva heimel i lovverket regulerer tilgang eller ikkje tilgang til desse organa, og tilsvarande, viss ein ikkje legg til rette for at presse og eller andre organisasjonar kan delta, få informasjon om møtetidspunkt og sakspapir, kva heimel nyttar ein for å unnateke dette frå offentlegheita?

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesordføraren svarer samla på dei to kulepunkta med spørsmål.

Kontaktutvala for E16 og E39 er vurdert å vere uformelle samarbeid (innspels- og koordineringsarena) utan tildelt vedtaksmynde. Kontaktutvala fell utanfor kommunelova sin definisjon av folkevalde organ. Det er difor ikkje krav til møteoffentlegheit i desse møta.

Kontaktutvala har ikkje ein fast møtefrekvens eller møteplan, og møta blir fastsett frå gong til gong avhengig av behov. Møta har vore på 15-30 minuttar utan nærare dagsorden ut over at det vert teke utgangspunkt i referatet frå sist møte, og at møtedeltakarane orienterer om aktivitetane og drøftar vidare strategi. Det vert ikkje produsert sakspapir til møta. Arbeidet i kontaktutvala tek utgangspunkt i vedtak i fylkestinget i samband med Nasjonal transportplan 2022-2033.

Etter møta har administrasjonen i fylkeskommunen skrive referat som vert journalført i tråd med offentleglova. Alle som krev innsyn i desse dokumenta, har fått og vil få det.

Fylkesordførar meiner det er behov for ein uformell møtearena for å kunne drøfte korleis ein jobbar med å realisere store prosjekt og for å koordinere aktivitetane. Fylkesordføraren ønskjer difor å avgrense deltaking til kontaktutvala.

Fylkesordførar har til hensikt å kalle inn kontaktutval og pådrivarselskap til eit felles møte i mai for drøfting av vidare strategi knytt til realisering av sentrale statlege vegprosjekt. Dette møtet bør vere opne for deltaking for andre. Fylkesordførar meiner at dette er ein møteplass det òg kan vere hensiktsmessig å invitere inn andre organisasjonar for å kunne dele informasjon om arbeidet. Fylkesordførar vil difor leggje til rette for slik deltaking.

4. Kine Bratli Dale (Ap); om tannhelsetenester

Vi går nå inn i en mer normal hverdag etter over to år med korona. Tilbudet og tjenestene vi gir til innbyggerne i Vestland har vært påvirket i større og mindre grad som følge av koronarestriksjoner. Det er naturlig at dette muligens også gjelder den offentlige tannhelsetjenesten.

Hvilke konsekvenser har restriksjonene fått for våre tannhelsetjenester?

Har vi klart å gi alle de prioriterte grupper den behandlingen de har behov for?

Og er det eventuelt et etterslep på innkallinger og behandling av prioriterte grupper?

Svar frå fylkesdirektøren

Tannhelsetenesta stengde ned all alle sine tannklinikkar 12.3.2020, og det var berre akutt tannbehandling som blei tilbydd. Alle med luftvegssymptom vart behandla medikamentelt der det var mogleg. All ordinær tannbehandling var heilt stengt ned til slutten av april 2020 etter tilråding frå helsemynde.

Det vart innført rulling av personalet i team av smittevernomsyn. Frå slutten av april 2020 var det ei gradvis opptrapping av aktivitet i tannhelsetenesta, men det var svært mange avgrensingar av drifta som var nødvendig for å følgje dei gjeldande tilrådingane frå helsemynde i lang tid fram over. Nokre av desse var mellom anna at tilsette ikkje skulle jobbe ved fleire tannklinikkar, tannbehandlarane skulle alltid assisterast av tannhelsesekretær, smittestatus skulle avklarast for alle pasientar og følgje i forkant av time, forsterka smittevern var nødvendig og gjorde at behandlinga tok lenger tid og at det var behov for lenger tid mellom kvar pasient. På grunn av kapasitet på venterom og på klinikken så måtte også volumet på pasientar justerast kraftig ned for å drive i tråd med dei då gjeldande retningslinjene.

Tannklinikane måtte prioritere og identifisere pasientar med spesielle behov/sjukdom eller familiar det var bekymring for. Personalet måtte i tillegg til ordinær drift drive oppfølging av sårbare pasientgrupper gjennom telefon/digital kontakt med både med pasienten direkte og med institusjon/helsestasjon eller anna kontaktperson.

Vanskeleg tilgang på nødvendig smittevernutstyr var ei tilleggsutfordring som også i periodar avgrensa drifta i starten på pandemien og var årsak til ekstra utgifter for tannhelsetenesta. Behandlarar som sjølve var i risikogruppe skulle heller ikkje jobbe nær pasientar eller pårørande i ein periode. I tannhelsetenesta jobbar vi i team, og er avhengig av at alle i teamet kan gjere sine arbeidsoppgåver. Drifta blir difor ekstra sårbar når det på grunn av smittevern er krav til at vi jobbar firhendig.

Det har vore mange tilpassingar av drifta i heile perioden som har ført til at drifta har vore lågare enn normalt. I første del av pandemien var det tilpassingane som var hovudårsak til redusert drift. Den siste tida så har det vert fråvær i samband med karantene og sjukdom som har vore hovudårsaka til redusert drift.

Det har også vore strenge reglar for kven som kan komme til tannbehandling. Pasienten og følgje måtte vere fri for luftvegssymptom og ikkje vere nærkontakt osv. Dette har ført til mykje flytting av timar og utsetting av behandling.

Den samla konsekvensen av punkta nemnt over er at effektiviteten i tannhelsetenesta ikkje har vore mogleg å oppretthalde. Med dei restriksjonane som har vore så har det ikkje vore mogleg å ha tilsyn med same mengd pasientar som før pandemien. At færre pasientar har vore inne til undersøking og behandling er ein naturleg konsekvens av tiltaka. Restriksjonane har vore heilt nødvendige, men har ført til mykje meirarbeid for alle i tannhelsetenesta. Tannhelsepersonellet har stått i førstelinja heile vegen og ytt sitt beste i ein vanskeleg situasjon. Situasjonen har vore, og er framleis, krevjande. Det har vore umogleg å unngå etterslep både på rutinestatusundersøkingar og tannbehandling. Etterslepet fører også til ekstraarbeid i form av at tannklinikane no må gjere ekstra vurderingar om kven som skal prioriterast først. Behovet for større behandlingar og meir akuttbehandling er også ein direkte konsekvens av etterslep som gjer det tid- og ressurskrevjande å komme ajour.

Tilbodet til prioriterte grupper under koronapandemien i perioden 2020-2022 i Vestland Helsemynde har heile tida vore tydelege i korleis tannhelsetenesta skal prioritere og dette er prioriteringar Vestland har følggt. Tannhelsetenesta gjer kontinuerleg vurderingar om kva pasientar som har eit særleg behov for tannhelsehjelp ved redusert tenestetilbod. Det kan vere barn og unge med spesielle behov/sjukdomar, eller som høyrer til familiar det er bekymring for, andre pasientgrupper med rettar etter tannhelsetenestelova, andre grupper som rusmiddelavhengige, psykisk sjuke og innsette i fengsel og pasientar med underliggende sjukdom som kan bli alvorleg sjuke av infeksjonar.

For alle pasientgrupper så blir behandling av tilstandar som smerter, traume, akutte infeksjonar, tilstandar som ubehandla vil føre til smerte eller infeksjon, lause kroner/bruer/fyllingar, oppfølging av pasientar som er under aktiv kjeveortopedisk behandling, tannbehandling i narkose og anna nødvendig behandling som er nødvendig for å redusere skadeomfang prioritert. All behandling tar sikte på å minimere behovet for snarleg oppfølging.

På dei klinikkane som i all hovudsak hadde prioritert klientell og lite vaksne betalande allereie, så finst det mindre handlingsrom til å prioritere vekk pasientar, då dei alle høyrer til ei prioritert gruppe. Så tilbodet til dei prioriterte gruppene har blitt minst påverka i distrikta, der det gjerne har vore mindre smitte og klinikken i større grad også behandlar vaksne betalande pasientar. Dei tannklinikkane som har hatt utfordringar med bemanning har vore ekstra sårbare. Dei mest utsette klinikkane er der det både har vore utfordringar med å få tilsett personell, klinikken har stor mengd prioriterte pasientar og få vaksne og klinikken ligg i område med høgt smittepress over lang tid. Tilbodet til prioriterte grupper har difor variert på bakgrunn av desse faktorane. Samla for fylket så er tilsynsprosenten i 2021:

- A. 95% for 3-18 åringar
- B. 95 % for personar med psykisk utviklingshemming
- C. 63 % for langtidssjuka på institusjon og 59 % for langtidssjuka i heimesjukepleie
- D. 68% for 18- og 19-åringar
- E. 32 % for rusavhengige og 30% for fengselsinnsette

Det er etterslep på alle prioriterte grupper.